



Alle vald i Osterøy kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/1541 - 23/14197

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no

Dato:

19.06.2023

## Orientering til jaktvald i Osterøy kommune om høve til å søke om fri kalveskyting

Osterøy kommune informerer om moglegheit for alle jaktvald til å søke om fri kalveskyting for jaktåret 2023.

Motteke søknader vil verte vurdert i høve til kriteria nedanfor.

Vi ber om at søknad vert sendt innan 15. august 2023.

Søknader om fri kalveskyting vil verte vurdert med grunnlag i følgjande alternative kriterium:

1. Søknaden gjeld vald med godkjent bestandsplan.
2. I jordbruksområde med interesse- og arealbrukskonfliktar av monaleg omfang (beiteskadar).
3. Der omsynet til trafikktryggleik gjer seg gjeldande.
4. I område med høg førekomst (tettheit) av hjort.

Det er tilstrekkeleg at eit av kriteria i punkt 1-4 gjer seg gjeldande for å kunne få løyve.

Det vert vidare gjort merksam på at Kommunedirektøren – på eige initiativ og utan at søknad er motteke – kan gje løyve til / tilbod om fri kalveskyting i område der minst eit av kriteria ovanfor gjer seg gjeldande.

Med helsing

Arnstein Øvsthus  
kommunalsjef

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

---

**Post**

post@osteroy.kommune.no  
Postboks 1  
5293 Lonevåg

**Kontakt**

www.osteroy.kommune.no  
Telefon 56 19 21 00  
Telefaks 56 19 21 01

**Konto**

Org.nr. 864.338.712

